

Referat – arabisk – 050912

Til stades: Shabo Talay, Esmira Nahhri, Pernille Myrvold, Frank Weigelt, Lora Faraji (studentrepresentant i programstyret), Joakim Farestveit (studentrepresentant i programstyret), Kaja Amundsen (student), Guro Sandnes (referent).

Sak:

1. Forslag til bachelorprogram i arabisk

Shabo Talay orienterte om det nye utarbeidde forslaget til nytt bachelorprogram i arabisk.

Dei viktigaste endringane i forhold til dagens program:

- ein skal byrje med arabisk allereie i første semester, i tillegg til 20 sp. ex.phil og ex.fac.
- ein får fem nye emne: ARA100 (10 sp.), ARA111 (15 sp.), ARA112 (15 sp.), ARA113 (15 sp.), ARA115 (15 sp.).
- ein skal ha arabisk i kvart semester, kombinert med 15 frie studiepoeng i 2., 3., 4. og 6 semester, som er anbefalt å bruke på Midtaustenkunnskap.
- ein anbefaler å reise på utveksling i 5. semester.

I ein overgangsfase skal nye og gamle kurs gå parallelt.

2. Forslag til omorganisering av bachelorprogrammet ved HF.

Det blei orientert om forslag frå dekanatet til omorganisering av bachelorprogramma ved HF. Dersom ei omorganisering blir vedtatt, vil ein be om at arabisk får behalde si eiga oppbygging av bachelorgraden, dersom denne blir godkjent av fakultetet.